

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Avaldsnes

Emne: Bålbrening på visse dagar
i året

Bygdelag: Karmöysida

Oppskr. av: Peder Skeie
Avaldsnes
(adresse):Gard: Meland
G.nr. 35 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

1 - 13.

SVAR

- ix** Vanlegvis brukar ein namnet "bål", men då må det vera ein viss storleik på brannen. Når det brenn godt i omnem, seier ein gjerne at det "bålbrenne". Me har uttrykket "bål og brann", som alltid gjev uttrykk for noko uvanleg stort - uvanleg store ulemper e.l.
- Me seier no helst "Jonsok-bål" eller "St.Hans-bål". Tidlegare δ for 50 - 60 år sidan sa ein helst "vete" i det hövet. Jonsok-vete eller bål vert brunne jonsokafta. Syftesoke-vete kan eg så vidt hugsa at eg har vore med på. Olsok-bål vert brukt den dag idag - om ikkje så vanlegt som jonsok-bål. Jonsokbålet skulle helst tennast midnatt, men det vanleg var at dei ikkje kunne venta så lenge. For å vera eit "skikkelegt" jonsokbål (vete) måtte det brenne lengst mogeleg. I det höve var det godt å ha med gamle røter frå torvmyrane. Bål ved jul, pinsti og påske kjenner eg ikkje til.
14. I min barndom hadde me jonsokeveten på "Jynsokehauem" som låg i heimkanten av utemarka, for Skeiegarden. På Meland, der eg no bur har dei vete på ein haug som ligg liknande til i Melandsmarka og som heter "Nolten".
15. Ja.
16. Ja, helst det. Men 2 - 3 gardar kunne også somme stader slå seg saman om same staden.
17. Nei.
18. Det er helst gutar mellom 12 og 15 år som syter for og steller med bålet.
19. Kven som helst kan vera med om kvelden når bålet vert brennt. Det vert då gjerne også eitt eller anna slags moro for ungdomen etterpå..
20. Sjå nr. 18.
21. Av og til kan det vera det. Det hender såleis at

14342

foreiningar skipar til Olsok-stemner med bål. Bålet vert i slike tilfelle brunne ein stad i nærleiken av stemnestaden, og det er då helst tale om mindre bål. Det er helst berre i dei siste 30 år dette av til vert brukt.

22. Nei.

23. Det er jonsok-veten som må ha ei serleg for eller verta lagt etter serleg skjema. "Opstandaren" er så å seia det viktigste. Det er stong på 3 - 4 meter, vert reist først. Rundt nedre enden vert så lagt alt det som skal verta til det verkelege bål, gamle mottetne materiale, gamle urangsjerte småbåtar (når dei er heldige), røter frå myrane og ein del lyng. Alle som er med i vete-partiet må skaffa kvar sitt til veten (dei drege te veten, seien ein). Gjeld det veter ~~xxx~~ saman med stemner som fylgjer inntekter med, verg det gjenne kjøpt også ein halv famn bjørkeved til bålet.

På toppen av oppstandaren måtte vera "tunna", helst ei tjæretönna. Denn var stappa full av lyng, og "tunnå" måtte alltid tennast för bålet nede.

Steinlegging kjenner eg ikkje til på annan måte ~~xxx~~ enn at det kunne i somme tilfelle brukast steinar til å halda oppstandaren oppe med til han vart stöa av av bålmaterialet nede.

24. Sjå nr. 23.

25. Eg har ikkje tenkt over det før, men det kan sjå ut som at ein jonsokvete skulle likna eit menneskje - kanskje helst ei kvinne - med tunna på toppen som høvud og materialet ned som ein slags stakk. Forma på bålet nede måtte ~~xx~~ såleis vera ei kjegle.

26.- 27. Sjå nr. 23.

29. Nei.

30. Jamnt over trur eg ein kan seia at tradisjonen med jonsokvete held seg framleis. Og - som nemnt - vert det etter kvart helst fleire Olsok-vetar.

31 - 32. Sjå ovanføre.

33. Ja.

34. Det måtte helst vera mykje både av røyk og flamme. Med tjære-tønner og båtar oppnådde dei bådelene.

35. Eg kjenner ikkje til dette.

36 - 39. - " -

40. Ein sa berre at ein "sko på veten".

41. Det har alltid vore dei unge som helst har samla seg ved vetane

Framhald - Emne nr. 68.

42. Der det ikkje var serlege tilstellingar utanom sjølve bålet, gjekk folk etter kvart heim når bålet var utbrennt. Ved tilstellingar etterpå, kunne det vara til langt på natta.

43 - 48. Tilstellingane etterpå kan vera av svert ymse slag. Det kan vera mat og kaffi og brus å få kjöpa, det er gjerne kappleikar, det kan vera tale av ein eller annan, ja til og med små skodespel.

Det er ei gleda å kunna seia at rusdrykken etter kvart tykkjest spela minder og minder rolle i desse stemnene.

49. Jonsokbålet vert rekna som ljosfesten, midsommarfesten, og bålet, elden, skulle vel skræma dei vonde vette i tida som kom.

50. Truleg har jonsokbålet minka litt. Som nemnt ovanføre er Olsok-vete kome til litt etter kvart.

51. Eg kjenner ingen serleg grunn til endringane. At Jonsok-tilstellingane truleg må seiast å minka litt av, kjem truleg av at tradisjonar i det heile taket har vanskeleg for å halda seg oppe i fullt mon. Olsokstemner vert meir set saman med det religiøse arbeid. Og der det så er ein eller annan framtøken mann på dette omkerve, er det mange gonger ein god måte å samla folk på det å ha bål ved sida av stemna.

Avaldsnes den 12/3 1959

